



Notat

Dato: 18.05.2017
Arkivsak: 2016/33942-4
Saksbehandlar: marvirk

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Marit Virkesdal

Oppsummering frå regionvise samlingar med rektorane og adm.leiarar i samband med ny budsjettmodell

Bakgrunn

Under handsaminga av budsjettet for 2016 i fylkestinget i desember vart det vedteke at fylkesrådmannen skal fremje ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta.

«Ny budsjettmodell og bærekraftig finansiering

Fylkestinget vedtek at fylkesrådmannen skal fremja ei sak der ulike budsjettmodellar for skulane vert drøfta. Vi ber fylkesrådmannen fremja forslag som viser ein meir tenleg finansieringsmodell som ikkje byggjer på stykkprisfinansiering, men som har til føremål å sikre fornuftig og bærekraftig finansiering av skulane. Det er ein føresetnad at skulane sjølve får koma med innspel.»

Nokre av dei mest sentrale interessentane i arbeidet med ny budsjettmodell er skulane og rektorane som er ansvarleg for tilboda og undervisninga som vert gjeven ved den einskilde skule. Det er difor gjennomført regionvise møte med rektorar og økonomiansvarlege ved dei vidaregåande skulane i Hordaland. Rektor ved Manger folkehøgskole og Hyssingen produksjonsskole har òg deltatt.

Dette notatet skal søke å gje ei konsentrert framstilling av dei innspela som er komne i drøftingane om ny budsjettmodell med rektorane. Innspela er sortert under overskriftene:

Generelt, tildelingskriteria/hovudfordeling, korrigering av hovudfordeling, trong for normering, fond, tilrettelagt undervisning og oppdragsverksemd.

Generelt

Uavhengig av skulestorleik og fagtilbod er rektorane ganske samstemte om følgande sentrale eigenskapar som bør kjenneteikne ein budsjettmodell:

- Rettferdig
- Enkel og føreseieleg. Lett å forstå, at det er intuitivt kva endringar i tilbod og elevtal som gjev utslag på budsjett-tildelinga. Færrast mogleg variablar i modellen.
- Rektor/skulen må ha eit handlingsrom – det bør vere insentiv i modellen til å drive effektivt
- Det må takast omsyn til distrikta (små skular)

Skulane er til dels svært ulike med omsyn til storleik og fagtilbod. Likevel er det ikkje så stor skilnad i dei konkrete innspela frå rektorane om dei representerer ein liten eller stor skule eller by eller distriktsskule. I den samanheng er det sentrale i innspela at budsjettmodellen må ta omsyn til dei rammvilkåra skulen har med tanke på vedtekte fagtilbod, elevgrunnlag og skulebygg.

Tildelingskriteria

- Det bør vere ei form for grunntildeling knytt til klasse. Og det må vere eit insentiv til å fylle opp klassane. Klassesetdelinga bør ta utgangspunkt i rammetimetalet pr. fag slik at det er realistisk å gje eit forsvarleg tilbod når ein klasse vert oppretta. Nokre peikar på at ein må legge til grunn gjennomsnittsløn pr. skule slik at tildelinga er i samsvar med det reelle lønsnivået.
- Tildelinga må særleg på Studiespesialiserande utdanningsprogram (ST) sjåast i samanheng med tal parallellar. Ein norm bør vere 4 parallellar og minimum 6 valfrie programfag (3 realfag og 3 samfunns- språkfag) på ST.
- Gjennomsnittstal kan vere 20 elevar pr. programfag.
- Det bør vere insitament i høve til overordna mål: auka fullføring. I den samanheng kan det vurderast fleire teljedatoar – (justering av budsjett)
- KOSTRA-tal: – landsgjennomsnitt for kostnad pr. utdanningsprogram bør brukast som referanse

Korrigerings til hovudtildeling

Samstundes som rektorane ser det som fornuftig med færrest mogleg variablar som skal påverke, er det også slik at dei peikar på fleire faktorar det må takast omsyn til.

Seniorressurs

Lærarar over 60 år har redusert undervisningsplikt og lengre ferie. Desse kostar difor meir. Naturleg nok er det skular som har høg del tilsette over 60 år som målber dette. Nokre rektorar meiner at dette må kompenseras krone for krone. Når det gjeld auka kostnader med nyutdanna lærar, var det få som peika på dette.

Bygg og klasseromstorleik

Skular med små klasserom ser det som viktig at dette vert tatt omsyn til. Likeins er det fleire skular som driv undervisning på ulike lokasjonar med stor avstand, noko som fordyrar drifta. Det bør difor takast omsyn til klasseromstorleik og lokasjonar.

Inntakspoeng

Fleire meiner det må vere ei fordeling av ressursar i forhold til elevar med låge inntakspoeng, til dømes under 3 i snitt. Dette må kome i tillegg til at det bør vere ekstra tildeling i høve til minoritetsspråklege som treng ekstra språkopplæring og tilrettelegging. På den andre sida vert det peika på at svært flinke elevar og har krav på særskilt tilrettelegging.

Særskilde programfag - særtildeling

Først og fremst vart det her peikt på maritime fag som er underlagt fagspesifikke kvalitetskrav frå Sjøfartsdirektoratet som fordyrar tilbodet. I tillegg kan praksisperiodar i desse faga innebere store reisekostnader.

Gardsdrift - bør handsamast utanfor modellen

Internatdrift - bør handsamast utanfor modellen

Overtal tilsette - bør handsamast av HR eller utanfor modellen

Distrikt

Skular i distrikta vil gjerne ha større kostnader til reise mm. Når det gjeld breidde i fagtilbod, må dette vere innbakt i hovudtildelinga.

Trong for normering

Skulane ser det som ønskjeleg med normerande retningslinjer på:

- Administrasjon- og leiarressursar
- Elevtenester
- Elevinspektør
- Avdelingsleiarressurs

Fond

Det vert peikt på at dagens ordning der det er mogleg å setje av til fond, og at ein tar med seg underskot, gjev handlingsrom og gjer det mogleg å planleggje på lengre sikt enn eitt budsjettår. Naturleg nok var det skular med fond som argumenterte sterkast for å oppretthalde denne ordninga. Det er ikkje avgjerande om ein kan setje heile overskotet på fond, men at det nettopp er eit slikt handlingsrom. Dette meiner fleire gir eit rett insentiv til god økonomistyring.

Tilrettelagt undervisning

Inntrykket er at dei elevane som er tatt opp i grupper med redusert elevtal, er godt budsjettert i dagens modell. Utfordringa er elevar med særskilde behov i ordinære klassar. Nokre meiner at midlar skal følgje den einskilde elev direkte etter behov. Når det gjeld ei ordning der skulane i større grad søkjer om ekstra midlar, var det blanda argumentasjon. Dette vil uansett krevje meir administrasjon både hos skulane og på opplæringsavdelinga og kan verte mindre føreseieleg.

Skulane har eit ynskje om å få betre oversikt ved inntak over dei elevane som har særskilde behov som skal gå i ordinære klassar (døme H-kode).

Nokre elevar har så pass spesielle behov at det bør vere ein buffer sentralt.

Oppdragsverksemd

Dei som har slik verksemd, peikar på at dette styrkar fagmiljøet på skulen og stimulerer til fagleg utvikling. Dette bør ein difor stimulere for å oppretthalde, men det kan vere tenleg å sjå på nye organiseringsmodellar.

Oppsummering

- Det er relativt stor semje om dei generelle eigenskapane ein budsjettfordelingsmodell bør ha blant rektorane.
- Det er relativt stor semje om ei grunnfordeling etter klasse med ei korrigering etter elevtal og korrigering etter andre ymse omsyn. Kva som skal vere grenseverdiane (0-punkt) og akkurat korleis ein skal korrigere, er det vanskeleg å trekkje ein klar konklusjon på etter runden med rektorane.